



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2636 - 18/1959

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:

01.02.2018

## Godkjenning av søknad om utsett arbeidsfrist SMIL-2014 tilskot til kulturlandskapskjøtsel på Gbnr. 50/3 Øpso

**Administrativt vedtak. Saknr: 28/2018**

### Saksutgreiing:

Ypsøy kystgard v/ Vagleik Mikal Ypsøy søker i e-post datert 24.01.2018 om utsett arbeidsfrist for å gjøre ferdig SMIL-tiltak Tiltaket gjeld kjøtsel av kulturlandskapet ved formidling av gamle kjøtselsmetodar og brenning av kystlynghei på Gbn.50/3 Øpso i administrativt vedtak, saknr. 352/2014. Fylkesmannen sin ref. 14/014653.

### Vurdering:

Prosjektet har kome godt i gang, men det står att litt arbeid. Dei har gjennomført formidling om lyngbrenning og har rydda i landskapet før brenning. Men det står att å gjennomføre lyngbrenninga. Dei planlegg å brenne i løpet av denne vinteren om høvene ligg til rette for dette. Dei søker om utsett arbeidsfrist til hausten 2018. Det er høve til å forlenga fristen med 2 år for å gjennomføre prosjektet.

Kommunen vurderer at grunnane som ligg bak at arbeidet ikkje er avslutta innan fristen må akseptast. Lyngbrenning krev at dei klimatiske høve er tilstade for å kunne brenne effektivt, riktig og sikkert. Dei siste to vintrane har det vore vanskelege forhold for brenning, da den beste perioden for brenning har vore for nedbørsrike. Kommunen vil difor godkjenne søknad om utsett arbeidsfrist for ferdigstilling.

### Vedtak

«Meland kommune gjev med dette løyve til Ypsøy kystgard v/ Vagleik Mikal Ypsøy utvida frist til 31.12.2018 med å gjennomføre siste del av tiltaket som det vart løyvd midlar til i delegert vedtak saknr. 352 /2014. Det er ingen endring i villkåra som gjeld for gjennomføring. Kommunen syner i denne

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinno: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

samanheng til vedtaket som vart fatta i delegert vedtak saknr. 352/2 014.

Vedtaket har heimel i forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket § 5.»

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldane delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtaket er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

#### Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### Kopi til:

Ypsøy kystgard

Ypsøy

5917

ROSSLAND

#### Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN